

Knarvik 10.01.17

Til ordfører, rådmann og einingsleiar for kultur i Lindås Kommune.

Vi i Lindås Idrettsråd er bekymra for kva posisjon idrettsrørsla vil kunne bli «satt» i her i Knarvik i framtida. Dette fordi ein ser at med den forventa bygge og folkeauka i vårt område vil ein ha behov for utviding av eksisterande idrettsanlegg. Kapasiteten er allereie spreng ved det eksisterande anlegget.

Ein veit kor viktig idrett og fysisk aktivitet er for folkehelsa og som sosial læringsarena. Det er derfor særst viktig at kommunen går ut og sikrar store nok areal for framtidig bygging. Vi som har vore aktiv innanfor idrettsmiljøet i Knarvik dei siste 10 åra ser at fleir og fleir reiser mot Knarvik og byrjar i idrettsmiljøet der. Dette vil i framtida berre auke.

Frå fleire av våre medlemslag har det bl.a kome innspel om at området som er merka av på vedlegget bør sikrast til framtidige idrettsanlegg. Dette fordi det ligg sentralt i Knarvik, tett ved eksisterande anlegg og ved friluftsområde.

Mvh

Ketil Porsmyr,

Leiar Lindås Idrettsråd

